

KINN KOMMUNE
Postboks 294
6701 MÅLØY

**Avdeling for
Kultur og folkehelse (KFO)**

Dato	25.03.2025
Vår referanse	2024/58336-11
Deres referanse	
Saksbehandler	Ann Kristin Kjerland
E-post	Ann.Kristin.Kjerland@vlfk.no
Telefon	47792855

Vedtak om tilskot frå SAVOS-ordninga / statsbudsjettet 2025 kap 2429 post 74 til Kinn kommune

Vi viser til søknad om tilskot om midlar på SAVOS-ordninga.

Vestland fylkeskommune, Hovudutval for kultur, idrett og inkludering har i møte 11.03.2025, politisk sak 33/2025, gjort vedtak om tildeling av tilskot

Vedtak

Vestland fylkeskommune gir med dette eit tilskot på inntil **kr 50.000,-** frå statsbudsjettet 2025 kap. 1429 post 74.

Tilskotet er eit bidrag til kommunen sitt eige tilskot over SAVOS-ordninga. Tilskotet skal fordelast etter kommunen si prioritering av innkomen søknad. Tilskot frå post 74 fartøyvern kan berre gjevest til fartøy som er freda eller har formell status som verna skip.

Kommunen si forvalting av tilskotsmidlane skal følgje retningsliner og vilkår som er nærmere omtalt i dette brevet og vedlegget «Retningslinjer og vilkår for tilskudd fra statsbudsjettet kap 1429 post 71-79».

For fartøy med status som freda, eller verna skip, gjeld dei antikvariske retningslinene for alt arbeid som skal utførast.

Arbeid ut over ordinært vedlikehald er også søknadspliktig og skal vere godkjent før tiltak vert sett i gang. Det er fylkeskommunen som handsamar søknad om endring på fartøy med status som verna skip/dispensasjon på fartøy som er freda.

Grunngjeving for tilskotet

Gjennom SAVOS-ordninga gjev fylkeskommunen tilskot til kommunar med eigne tilskotsordningar for fartøy som er verna eller freda. Storleik på tilskotet er det same som kommunen sjølv har sett av til ordninga.

SAVOS

SAVOS er ei samarbeidsordning der kommunar, basert på eigne midlar til konkrete fartøy med status som freda eller verna skip, kan søke fylkeskommunen om tilsvarende beløp frå post 74 fartøyvern. På den måten kan kommunar tildele det doble av det dei sjølv bidreg med.

Alle midlane innafor SAVOS-ordninga skal gå til fartøy som er verna eller freda. Midlane som fylka eller Sametinget fordeler frå post 74 skal alltid følge retningsliner og føringar som gjeld for tilskot frå posten.

Utbetalning og rapportering

Tilskotet vert utbetalt etter anmoding. Utbetalingsanmodninga skal merkast med saksnummer 2024/58335.

Ved rapportering til fylkeskommunen på midlar innafor SAVOS-ordninga, skal kommunen gje informasjon om kva for fartøy og tiltak både eigne og SAVOS-midlane har blitt tildelt til.

Føremål med tilskot i kulturmiljøforvaltinga

Hovudoppgåva for kulturmiljøforvaltninga er å hindre tap av kulturminne og kulturmiljø, og å ta vare på kulturminna som bruksressursar og som grunnlag for kunnskap, oppleving og bruk.

Tilskotsmidlane er eit av dei viktigaste verkemidla og styringsverktøyet i kulturmiljøforvaltinga og skal brukast mest mogleg effektivt for å nå dei nasjonale måla på kulturmiljøfeltet. Tilskota bidreg til å gjere mogleg gode istandsetningsprosjekt, dei bidreg til engasjement og innsatsvilje, og dei er viktige for å驱ra fram kompetanseutvikling.

Føremålet med tilskotsordninga er å sikre og setje i stand, og bruka til formidling, freda fartøy og eit utval av fartøy som er tildelt status som verna skip, der eigarane skriftleg har akseptert å følgje antikvariske retningslinjer.

Krav til gjennomføring av tiltak

Alt arbeid på verna og freda fartøy skal utførast i samsvar med fartøyet si historie. Vedlikehald og istandsetjing skal skje så skånsamt som mogleg og etter dei antikvariske prinsippa:

- Det skal skiftast ut minst mogleg av originale element og material.
- Ved reparasjon og eventuell utskifting av deler skal dei antikvariske retningslinene leggast til grunn for val av material, utføring og teknikkar.
- Det skal stillast krav til utførande handverkar/verksemrd sin antikvariske kompetanse, samt teknisk og fagleg kvalitet.
- Alle utskiftingar og endringar skal dokumenterast.

Innsynsrett

Saksframstillinga er offentleg, og ligg på fylkeskommunen si nettside, www.vlfk.no, under Politikk. Her finst også informasjon om vurdering og bakgrunn for vedtaket. Eventuelle spørsmål i knytt til dette brevet kan rettast til sakshandsamar.

Klage

Det er høve til å klage på vedtaket innan tre veker etter at dette brevet er mottatt. Ei eventuell klage skal sendast til Vestland fylkeskommune på e-post til post@vlfk.no. Det må kome tydeleg fram kva for ordning og søknadstid klagen gjeld.

Klagen må innehalde opplysningar om:

- Kva for vedtak ein klagar på
- Kva for endring ein ønskjer
- Kvifor ein klagar
- Andre opplysningar som kan vere relevante når klagen skal vurderast

Med helsing

Per Morten Ekerhovd
direktør
kultur og folkehelse (KFO)

David Johannes Sandved
seksjonsleiar
KFO - kulturarv

Brevet er elektronisk godkjent og har derfor ingen håndskrevet underskrift

Vedlegg

1 Forskrift om tilskudd til fartøyvern